



Meland kommune

Fedje kommune
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2150 - 16/18562

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
27.09.2016

Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i Bergensregionen

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Austrheim kommune, Fedje kommune, Lindås kommune, Radøy kommune

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		16/2150

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
79/2016	Formannskapet	PS	31.08.2016
77/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i Bergensregionen

Vedlegg:

Signert Intensjonsavtale om avvikling av BOH og etablering av nytt regionalt havnesamarbeid
Utkast til vedtekter for Havneselskapet AS

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bergen og Omland havnevesen (BOH) er i dag organisert som eit samarbeid etter kommunelova § 27.

BOH er såleis ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av Bergen kommune. Selskapet er eit samarbeid om hamneverksemda i dei 11 medlemskommunane Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden («samarbeidskommunane»).

Organiseringa i dag er lite tenleg med tanke på ei framtidsetta, konkurransedyktig og robust hamn i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Denne saka orienterer om prosessane som har ført fram til at kommunane har inngått ein intensjonsavtale om å etablere eit nytt hamneselskap, forslag til vidare prosessar for å etablere det nye selskapet og tilråding om å avvike dagens BOH.

Alle samarbeidskommunane vil handsame tilsvarande sak. Målsettinga er å ha etablert eit nytt selskap som er operativt frå 01.01.2017.

Prinsippvedtak i kommunestyra hausten 2015/vinteren 2016 om oppløysing av BOH:

Hamnerådet i BOH handsama sak om oppløysing av BOH i møte 5. januar 2015, jf. sak nr. 3/15. Samarbeidskommunane vart i brev frå BOH, datert 19.01.15, informerte om at hamnerådet samrøystes hadde vedtatt å løyse opp selskapet under visse føresetnadar.

På bakgrunn av vedtaket nemnd over handsama kommunestyret i Meland sak 78/2015:

«Kommunestyret godkjenner at Bergen og Omland Havnevesen (BOH) blir oppløyst. Vedtaket om oppløysing er bygd på følgende føresetnader:

- a. Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har fatta vedtak om at det ikkje skal fremjast et krav på oppløysingsproveny utover den andelen dei respektive kommunane vil vidareføre i BH IKS.
- b. Bergen kommune stadfester at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på forholdet mellom hamnekassen og kommunen sine eignedelar elles (bykassen).
- c. Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokument for BH IKS
- d. Havnerådet gjer eit ubetinga vedtak om oppløysing
- e. Dei tilsette skal takast med i den vidare prosessen.

Meland kommune har ingen hamnekapital og heller ikkje krav om oppløysingsproveny som nemnt i pkt a.»

Dei andre samarbeidskommunane handsama tilsvarande saker i sine kommunestyre hausten 2015/vinteren 2016. Samtlege kommunar har vedtatt å avvikle BOH med dei føresetnadane som er nemnde over. Dei fleste kommunestyra gav også positive signal om å ta del i eit nytt regionalt hamne samarbeid. Lindås og Os kommune vedtok likevel at dei ikkje ville delta i eit nytt hamnesamarbeid.

Desse to kommunane fremja krav om eit oppløysingsproveny i samband med avviklinga av BOH.

Møte mellom samarbeidskommunane:

I prosessen med å oppfylle kriteriana, som er sette i prinsippvedtaket om oppløysing, har det vore halde fleire møte mellom ordførarane i samarbeidskommunane i 2015/2016 («ordførarmøte»). Både det noverande og førre byrådet i Berghen har vore opptatte av å skipe eit selskap kor samtlege av dagens samarbeidskommunar i BOH vil vere med over i det nye hamnesamarbeidet.

Bergen kommune tok difor initiativ til eit ordførarmøte 19.02.16. I møtet tok Bergen på nytt opp spørsmålet om samarbeid for å etablere eit nytt hamneselskap kor alle tidlegare deltakarkommunar ønskte å vere med vidare. På møtet nemnd tidlegare gjorde Bergen kommune greie for sitt grunnlag for vidare samarbeid:

- Det er ønskeleg at flest mogeleg, helst alle deltakarkommunar vert med vidare
- Det er ønskeleg at alle deltakarkommunane er sterkt involverte når framtidig modell skal utformast
- Det er ønskeleg å få på plass ny organisering samt oppløysing av dagens BOH så snart som mogeleg
- Ny organisering må løyse problematikken kring hamnekassee og kommunekasse mellom BOH og Bergen
- Det kan vere formålstenleg at det skjer ei ny vurdering av selskapsform IKS kontra AS
- Eventuell etablering av nye hamneanlegg og drift av eksisterande må vere økonomisk konkurransedyktig og fremje sjøtransport
- Dagens byråd ønskjer å flytte godsterminalen bort frå Dokken
- Det er Bergen sitt ønske at ny organisering skal sikre reell merverknad frå omlandskommunane

- Cruise, ferjetrafikk og annan nyttetraffikk er framleis føresett handtert av Bergen hamn

Frå omlandskommunane vart det presisert at det er viktig at eit nytt hamnesamarbeid:

- Er med på å auke og styrke næringsutvikling
- Omlandskommunane må få reell medverknad og styring i nytt hamnesamarbeid

Med bakgrunn i det over, vart deltakarane på møte 19.02.16 samde om å setje ned ei administrativ arbeidsgruppe med deltakarar frå Bergen, Askøy, Os, Sotra/Øygarden og Nordhordland. Grappa fekk følgjande mandat:

- Gjennomgå framlegget til organisering og vedtekter for ny organisering, og sjå om ein bør dele organisasjonen opp i to uavhengige organisasjonar med ulike vedtekter og formål
- Gjennomgå føreliggande framlegg til skilje mellom hamnekapital og kommunekasse. Eventuelt kome med alternativt forslag
- Utarbeide forslag om kor stor eigenkapitalen skal vere og korleis han skal finansierast
- Utarbeide forslag til mogeleg styringsstruktur som attspeglar deltakarkommunane sin økonomiske risiko/hamnekapital og aktivitetsområde

Intensjonsavtale:

Det har vore halde fleire møte i den administrative arbeidsgruppa og ordførarmøte i perioden. Gjennom konstruktivt samarbeid og svært god dialog i dei to nemnde fora, har samarbeidskommunane blitt samde om:

«Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og etablering av nytt regionalt havnesamarbeid» («Intensjonsavtalen»), samt vedtekter for eit nytt hamneselskap. (sjå vedlegg).

Intensjonsavtalen vart underskriven i eit ordførarmøte den 17.06.16, men med atterhald om godkjenning i dei respektive kommunestyra.

Dei mest sentrale punkta i Intensjonsavtalen og vedtektene er:

- Opprette eit nytt hamneselskap i form av eit aksjeselskap.
- Samtlege av dagens samarbeidskommunar vert eigarar med ulik eigardel, men der Bergen kommune og omlandskommunane eig 50 % kvar av aksjane i selskapet.
- Formålet med selskapet er å ivareta/samordne hamneoppgåver i eigarkommunanes hamnefarvatn, i dette ligg å arbeide for å utvikle hamnene i regionen som attraktive hamner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng.
- Ved selskapsetableringa vil det verte skote inn aksjekapital på MNOK 5 frå Bergen kommune og til saman MNOK 5 frå omlandskommunane.
- Selskapet vil bli tilført verdiar frå hamnekapitalen i Bergen kommune med MNOK 540. Ein monaleg del av hamnekapitalen vil bli tilordna det nye selskapet i form av anleggsmidlar som hamnerelaterte driftsmidlar og særreine hamneeigedomar-/innretningar frå dagens BOH, nærmare omtalt i vedlagte saksutgreiing.

Ut over det nemnde innskotet i eigenkapital på MNOK 550 i det nye hamneselskapet, vil Bergen kommune i framtida forvalte ei eiga separat hamnekapital på MNOK 450. Dette er midlar som Bergen kommune i framtida pliktar å overføre til ei eiga hamnekapital når hamneverksemda på Dokkeskjærskaien (Dokken) opphøyrer, og vert flytta til eit anna passande område.

Det nye hamneselskapet vil få ei eigenkapitalfinansiering på MNOK 550, noko som gir selskapet økonomisk evne til å utføre dei løpande oppgåvene selskapet er pålagt etter hamne- og farvatnlova. Eigenkapitalen gir også tilstrekkeleg finansiell løfteevne for framtidige investeringar i hamner i regionen.

Det vert vurdert slik at Intensjonsavtalen skisserer eit forslag til løysing som inneber vidare samarbeid mellom alle deltakarkommunane, ny hensiktsmessig organisering som tar vare på næringsutvikling i heile regionen, og at forholdet mellom hamnekaske og bykaske er løyst på eit rimeleg vis som tryggjer ei god og forsvarleg finansiering av det nye hamnesamarbeidet.

Intensjonsavtalen byggjer elles på dei hovudprinsippa for løysing av hamnekaske- og bykaskeproblematikk, slik desse vart presentert og drøfta i møte 25.03.15 mellom Bergen kommune (byråd for finans) og Samferdselsdepartementet (statssekretær), og kor følgjande oppsummering vart trekt:

- *«Departementet gav uttrykk for at det syntes som om Bergen kommune og BOH hadde gjort et grundig arbeid knyttet til gjennomgang av eiendommer i relasjon til henholdsvis havnekaske og bykaske.*
- *Departementet påpekte at denne prosessen avgjøres av BOH og Bergen kommune.*
- *Ferdig fremforhandlet avtale behandles i de to nevnte organers beslutningsorgan.*
- *Kystverket skal ikke godkjenne framforhandlet løsning, men kan påklage avtalen til Samferdselsdepartementet, dersom man finner at den foreslåtte løsning ikke er i samsvar med forutsetninger i Havne- og farvannsloven.»*

Intensjonsavtalen og vedtektene er utforma slik at desse m.a. tar vare på den viktige føresetnaden om næringsutvikling som vart ytra frå omlandskommunane på ordførarmøtet den 19.02.16.

For Lindås kommune har det vore viktig å få ei løysing som gir dei ein avgjerande påverknad over Mongstad kai. Dette er noko som dei andre samarbeidskommunane har vist forståing for, og dette høvet skal vere forsvarleg tatt vare på i den føreliggjande intensjonsavtalen.

Vidare arbeid:

Med atterhald om positiv kommunal handsaming av Intensjonsavtalen og utkastet til vedtekter i alle samarbeidskommunane, vil Bergen kommune med bakgrunn i delegasjonsvedtak frå bystyret, invitere alle samarbeidskommunane til eit stiftingsmøte der det nye hamneselskapet formelt vert stifta.

Stiftinga av selskapet vil bli gjennomført med bakgrunn i vedlagte forslag til vedtekter og dei rammer for finansiering og aksjefordeling som følgjer av Intensjonsavtalen. Straks etter stiftingsmøtet vil konstituerande generalforsamling verte halde. Her vil styret for selskapet bli vald. Styret vil, saman med den daglege leiinga i selskapet, få hovudansvaret for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene knytt til reetableringa av hamneverksemda innan dei gjevne rammene.

Det er i denne saka lagt stor vekt på å få til ein samarbeidsmodell for det nye hamne-samarbeidet gjennom ein balansert avtale, og som alle noverande samarbeidskommunar venteleg kan slutte seg til. Dei noverande samarbeidskommunane utgjer i nasjonal samanheng eit relativt stort og interessant område der det bur mange menneske med eit velfungerande næringsliv. Det har vore viktig å finne gode samarbeidsløysingar på tvers av kommunegrensene innanfor områda der dette er naturleg og til det beste for innbyggjarane, næringslivet og samfunnslivet elles.

Semja som er uttrykt i den vedlagte intensjonsavtale frå samarbeidskommunane vil ikkje berre vere med på å skape eit effektivt og velfungerande nytt hamneselskap for regionen, men gjennom dette kan også regionen si vidare utvikling og attraktivitet bli styrka, både kva gjeld busetnad, næringsliv og nyetableringar.

Til slutt vil ein trekkje fram det gode arbeidet som alle samarbeidskommunane har ytt for å kome fram til intensjonsavtalen, og ikkje minst den aktive og konstruktive innsatsen som har funne stad i den administrative arbeidsgruppa som har arbeidd med detaljane i saka.

Vurdering

Prosess for utarbeiding av Intensjonsavtale for reetablering av hamnesamarbeidet i eit nytt selskap.

Parallelt med den politiske prosessen knytt til prinsippvedtak i samarbeidskommunane, vart det gjennomført eit strategimøte i BOH 27.11.15 med deltakarar frå både BOH, hamnestyret og dei fleste samarbeidskommunane. Mellom dei tema som vart tatt opp på strategimøtet, var naturleg nok prinsippvedtaket, premiss, tidsplan og vidare framdrift i prosessen. Vidare vart det halde eit møte mellom ordførarane i samarbeidskommunane i BOH («*ordførarmøtet*») 19.02.16. Her vert det mellom anna sett ned ei arbeidsgruppe («*arbeidsgruppa*») med mandat knytt til formål og strategi for eit nytt hamneselskap, selskapsform og styringsstruktur.

Deltakarane i gruppa vart rekruttert frå administrativt nivå i kommunane Askøy, Bergen, Fjell, Lindås og Os, samt frå BOH. Undervegs i arbeidet til gruppa vart det halde eit ordførarmøte 29.04.16 for å avstemme mogelege løysingar og tilrådingar frå arbeidsgruppa mot politisk nivå i samarbeidskommunane. I tillegg har det det vore bilaterale møte, m.a. mellom Bergen og Lindås kommune, med formål å nå fram til semje rundt dei elementa i prinsippvedtaket som tidlegere førte til at nokre få kommunar ikkje fullt ut slutta opp om dette.

Det vart no i sommar halde eit ordførarmøte 17.06.16. Her vart eit utkast til «*Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid*» («*Intensjonsavtalen*») gjennomgått og signert (vedlegg). Dei mest sentrale punkta i intensjonsavtalen er nærmare omtalt i punkta 1-14 nedanfor. I prinsippvedtaket vart det lagt opp til at eit nytt hamneselskap skulle organiserast som eit interkommunalt selskap, men at det er aksjeselskapsforma som nå vert tilrådd, jf. nærmare omtale i saksutgreiinga nedanfor.

Omtale av dei ulike punkta i Intensjonsavtalen.

1 – Partar:

Intensjonsavtalen er inngått mellom samtlege kommunar som inngår i dagens hamnesamarbeid i BOH, og som då har til hensikt å føre vidare det regionale hamnesamarbeidet i Bergen og omland gjennom ei ny organisasjonsform.

2 – Bakgrunn:

Det er no semje mellom samarbeidskommunane i BOH om at noverande organisasjonsform er lite tenleg organisatorisk og juridisk. I framtida ønskjer ein å organisere eit nytt hamnesamarbeid i form av eit aksjeselskap. Ein ny modell skal kunne gje:

- Grunnlag for ei framtidsretta, moderne og solid hamn i Bergensregionen.
- Vere med på å auke og styrkje næringsutvikling i regionen.
- Hamnesamarbeidet får ei klar styringsform som gjer det enklare for eigarane å stille krav til selskapet, påverke utviklinga i selskapet og måle resultatoppnåinga til selskapet.
- Semje om skiljet mellom hamnekapitalen og bykassekapitalen i Bergen kommune, nemleg ei heilskapleg løysing på eigedomsdiskusjonen mellom BOH og Bergen kommune.

Formålet med intensjonsavtalen er å fastslå dei hovudpunkta som samarbeidskommunane er samde om så langt, jf. prinsippvedtaket, samt trekkje opp vidare prinsipp for avvikling av dagens BOH og etablering av eit nytt regionalt hamnesamarbeid. Intensjonsavtalen er slik ein svært avgjerande milestolpe i prosessen knytt til reetablering av hamnesamarbeidet i Bergen og omland.

Intensjonsavtalen må godkjennast i dei respektive kommunestyra i samarbeidskommunane før innhaldet kan realiserast.

3 - Namn, selskapsform og forretningskontor:

Når det gjeld namnet på det nye hamneselskapet, har partane så langt i prosessen nytta ulike mellombelse arbeidstitlar på selskapet. Samarbeidskommunane ga i ordførarmøte den 17. juni d.å. den etablerte arbeidsgruppa i oppdrag å utarbeide forslag til nytt selskapsnamn med basis i innspel frå BOH. Det vert no arbeidd med dette i BOH, og forslag til selskapsnamn er venta å kome i nær framtid. I det vedlagte utkastet til vedtekter framgår «Hamneselskapet AS» som selskapsnamn, men dette vil då bli endra når forslag til nytt namn ligg føre og samarbeidskommunane kan semjast om dette.

I prinsippvedtaket vart det lagt opp til at eit nytt hamneselskap skulle organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS), men eit sentralt element i mandatet til arbeidsgruppa var likevel å greie ut valet av selskapsform. Sidan val av selskapsform i relasjon til verksemd innan sjølvkostområdet, og då særleg i høve til hamne- og farvatn lova, krev spesifikk juridisk kompetanse, valde arbeidsgruppa å søkje ekstern hjelp hjå advokatfirmaet Wikborg, Rein & Co (WR), og som Bergen kommune har rammeavtale med. I eit notat, datert 30.05.2016, («notatet») frå WR vert det m.a. nemnd at det i samband med komande endringar i lov om interkommunale selskap kan bli aktuelt å avgrense IKS-forma til selskap som ikkje driv økonomisk aktivitet.

Bakgrunnen for ei slik endring er m.a. at dagens ordning med kommunale deltakarar som ikkje kan gå konkurs, kan gi IKS-selskap som driv markedsretta verksemd eit framsteg framfor andre aktørar i marknaden. Det vil t.d. vere liten eller ingen risiko for bankar og evt. Andre långivarar knytt til det å gi lån til eit IKS, og slik sett kan IKS potensielt få meir gunstige lånevilkår enn t.d. eit privat, kommersielt AS. Dagens ordning med deltakarar i IKS, dvs. ansvar utan avgrensing, kan såleis innebere konkurransevridande offentleg støtte etter EØS-avtalen artikkel 61 (1). I notatet vert høvet til å nytte AS-forma i relasjon til «*havnevirksomhet og delegasjon av myndighet*» drøfta vidare, og det vert synt m.a. til Brynjar Østgård, «*Havne- og farvannsloven med kommentarer, 2. utgave 2015*», og forarbeida til hamne- og farvatnlova - *Ot.prp.nr.75 (2007-2008)*. Frå notatet har ein henta følgjande konklusjon:

«På bakgrunn av gjennomgangen ovenfor mener vi at havnesamarbeidet i Bergensregionen kanorganiseres som et AS hvor deltakerkommunene er eneste aksjonærer. Selvkostprinsippet kan ivaretas innen rammen av dette selskapet, men et praktisk alternativ vil være å legge slike oppgaver til et datterselskap med et ikke-økonomisk formål. Delegert myndighetsutøvelse som spesifikt ønskes lagt til Havneselskapet AS, må hjemles ved et enkeltvedtak fra departementet, jf. havne- og farvannsloven § 10 andre ledd.»

Styringa av det nye hamneselskapet følgjer føresegnene i aksjelova for selskap på denne storleiken. Selskapet vil ha ein dagleg leiar som rapporterer til eit styre vald av dei kommunale eigarane. Styret i selskapet vil elles halde seg til generalforsamlinga samansett av representantar frå eigarane etter eigarfordeling og ein eventuell aksjonæravtale, og ikkje til eit hamneråd som i dag.

4 - Selskapets formål:

Det mest sentrale elementet i det mandatet som vart gitt til arbeidsgruppa i ordførarmøtet 19.02.2016 var å arbeide med formålet til eit nytt hamneselskap. Implisitt i formålet med hamnesamarbeidet er m.a. dei ambisjonane eigarkommunane har for det nye hamne-samarbeidet, kva oppgåver selskapet skal ha og kva strategiar som skal leggjast til grunn. Kva gjeld konkret oppgåveinnhald, utforming av formålsparagraf, samt selskapsvedtekter elles har m.a. følgjande vore drøfta:

- Hamne- og farvatnforvaltning samt tilhøyrande sakshandsaming.
- Cruisetrafikk
- Plassering av ny godshamn
- Hamnerelatert næringsutvikling – struktur som tar vare på dei ulike kommunane sine ønskje og trong for næringsutvikling.
- Miljøspørsmål

I samband med dette har ein også sett på formålsparagrafane som tilsvarande regionale hamneselskap har, m.a. Karmsund Hamn IKS. Det har vore viktig at formålsparagrafen skal vere med på å støtte opp under hamnerelatert næringsutvikling i samarbeidskommunane, m.a. gjennom medeigarskap i selskap eller kaianlegg, men slik at det ikkje oppstår innbyrdes konkurranse med det nye selskapet. Kva gjeld dei forvaltningsoppgåvene, og som på vegne av eigarkommunane skal gjerast innan ramma av hamne- og farvatnlova og på delegert mynde frå den einskilde kommune, er det spesifikt nemnd at det kan skipast eit eige dotterselskap for dette ansvarsområdet. I denne samanhengen syner ein til pkt. 3 over.

5 - Aksjekapital og aksjeklasser:

Aksjekapitalen i det nye selskapet er tilrådd til MNOK 10, fordelt på 10.000 aksjar, kvar med ei røyst.

Eit vesentleg element i vedtektene er at det skal vere to aksjeklasser i selskapet, aksjeklasse A og aksjeklasse B, begge med 5.000 aksjar kvar. Omlandskommunane skal ha rett til å teikne aksjar i aksjeklasse A (A-aksjar), mens det berre er Bergen kommune som kan teikne aksjar i aksjeklasse B (B-aksjar). Ved tilslutning frå eit fleirtal av deltakarane i begge aksjeklasser, samt tilslutning frå 2/3 av aksjekapitalen, kan det vedtakast retta emisjon mot nye deltakarkommunar. Desse skal i så fall teikne aksjar i aksjeklasse A, men det er spesifikt vedtektsfesta at ei utviding av aksjekapitalen uansett ikkje skal endre reguleringa av forholdet mellom aksjeklassene slik dette er regulert i vedtektene elles.

Aksjeklasse A har rett til å velje fire styremedlemmer i selskapet, samt rett til å velje møteleiar på generalforsamlinga. Kommunane i aksjeklasse A har utarbeid eit forslag til eigne retningslinjer for styrerepresentasjon og fordeling. Sjølv om desse retningslinjene ikkje har direkte relevans for Bergen kommune, tas forslaget til slike retningslinjer likevel med til informasjon i denne saka. Forslaget er følgjande:

«Forslag til verv og representasjon for A-aksjar i nytt hamneselskap:

i) Valkomitee

Det bør etablerast ein valkomitee for A-aksjane i selskapet. Valkomiteen skal innstille møteleiar for generalforsamlinga og innstille nye styremedlemmar. Forslaget er at ein set saman ein valkomitee på 3 personar og at vi vel ein person frå kvar geografiske region. Det betyr følgjande:

- *1 person frå nord (Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje)*
- *1 person frå vest (Sund, Fjell og Øygarden)*
- *1 person frå midtre (Os og Askøy)*

Det er formelt generalforsamlinga som skal velje valkomitee. Kandidatar til den første valkomiteen bør avklarast med ordførarar før den første generalforsamlinga. Forslaget er at ordførar i Lindås, Fjell

og Os tar ein diskusjon med ordførarane i sin region og kjem med innspel på kven som skal inn i den første valkomiteen. Personar som skal inn i den valkomiteen bør avklarast formelt i den politiske saka om etablering av hamneselskap.

ii) Møteleiar for generalforsamlinga

Aksjeklasse A har rett til å velje møteleiar på generalforsamlinga. Kvar kommune i aksjeklasse A har 1 representant i generalforsamlinga. Det blir valkomiteen si oppgåve å innstille på kven som skal vere møteleiar. Møteleiar blir velt frå den som har støtte frå majoriteten av eigarane etter avstemming på generalforsamlinga. Framlegg til møteleiar på første generalforsamling bør vere avklart i den etablerte valkomiteen.

iii) Prinsipp for val av styremedlemmar

Det har vorte diskutert fleire modellar for styrerepresentasjon, både i forhold geografi og representasjon. Vi held på at vi må ha ein modell knytt til eigardel og representasjon, det er viktig at dei største eigarane i selskapet er representert i styret. A-aksjar skal vere representert med 4 styremedlemmar. Basert på reell eigardel for A-aksjar foreslår vi følgjande fordeling:

- Lindås/Fjell/Øygarden – 3 styremedlemmar (70% av A-aksjane)
- Sund/Askøy/Os/Radøy/Meland/Fedje og Austrheim – 1 styremedlem (30 % av A-aksjane)

Det er valkomiteen som skal innstille nye styremedlemmar og dei veljast på generalforsamling. Kommunane som har A-aksjar bør avklare sine styrekandidatar i den politiske saka som kjem opp i september.»

Aksjeklasse B har rett til å velje fire styremedlemmer i selskapet, samt styreleiar.

Prinsippet over med fordeling av A-aksjar og B-aksjar er brukt for å gi omlandskommunane og Bergen kommune ein meir jamstelt medverknad i selskapet sine styrande organ. Vedtektenes § 9 om *Innløsning og oppløysing* har m.a. ei føresegn om at «Selskapet kan oppløses ved tilslutning fra samtlige stemmer i en av selskapets aksjeklasser. Ved oppløsning fordeles netto verdier av Selskapets eiendeler forholdsmessig ut fra innskutt egenkapital fra den enkelte deltagerkommune». Dette tyder at begge aksjeklasser kan vedta å løyse opp det nye selskapet, men samstundes vil den einskilde deltakar sine verdier i selskapet vere sikra ved at det er den einskilde kommune sin innskotne egenkapital som er fordelingsnøkkel ved ei eventuell oppløysing. Bergen kommune skal eige alle aksjane i aksjeklasse B og kan slik sett vedta å løyse opp selskapet åleine. Det har vore reist spørsmål om dette gir Bergen for stor makt på dette punktet. Sannsynlegdomen for at Bergen kommune vil nytte seg av høvet til oppløysing synest å vere svært liten då fordelingsnøkkelen som skal nyttast for å fordele verdier, vil medføre eit betydelig økonomisk tap for Bergen kommune samanlikna med den hamnekapital som vil bli lagt inn i selskapet frå Bergen kommune si side. Det er truleg berre ei ren hypotetisk tanke at Bergen kommune eventuelt einsidig skulle ønskje å løyse opp selskapet, og som då vil vere ein ytste konsekvens av at heilt ekstraordinære høve ikkje finn løysinga si i forhandlingar mellom samarbeidskommunane.

6 - Fordeling av eigarskap og innskoten aksjekapital:

Med utgangspunkt i fordelinga av 50 % A-aksjar og 50 % B-aksjar i det nye selskapet, skildra i pkt. 5 over, baserte den nedsette arbeidsgruppa seg i utgangspunktet på følgjande parameter ved utrekninga av omlandskommunanes innbyrdes eigardel i A-aksjane i selskapet:

- 1/3 vekting etter felles basis
- 1/3 vekting knytt til folketal pr. mai 2016
- 1/3 vekting knytt til anløpsavgifter i 2012-2015

Sjølv om folketalet i deltakarkommunane ikkje naudsynleg er relevant som parameter i denne samanheng, er det likevel konkludert med at folketalet ofte er ønskjeleg sett frå ein politisk ståstad. Tabellen under er eit produkt av dei nemnde variablane justert for ei noko meir pragmatisk tilnærming til eigarskapen i selskapet, og viser den endelege fordelinga av dei 5.000 A-aksjane i selskapet slik det kjem fram i intensjonsavtalen. Selskapets 5.000 B-aksjar skal, som tidlegere nemnd, vere eigd av Bergen kommune.

Kommune	% andel
Lindås	16
Fjell	11
Øygarden	8
Askøy	5
Os	5
Meland	1
Radøy	1
Sund	1
Austrheim	1
Fedje	1
Sum	50

I intensjonsavtalen er tabellen over supplert med talet på aksjar pr. deltakarkommune samt det aksjeinntskott kvar kommune skal yte ved stiftinga av selskapet, til saman MNOK 10. Selskapets aksjonærar og deira respektive eigardelar vil elles gå fram av aksjeeigarboka.

7 - Avgrensingar av omsetnad. Nye deltakarkommunar:

Ved reorganiseringa av dagens BOH vil hamna i Bergen med omland lettare kunne utviklast til ei framtidretta, konkurransedyktig og robust hamn i regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Det nye selskapet vil bli ein stor og solid hamneaktør med dei eigarane som er inntatt i intensjonsavtalen, men det er ønskjeleg både frå politisk hald og frå leiinga i dagens BOH, at endå fleire kommunar sluttar seg til selskapet i framtida. BOH har i dag gode system og rutinar, og har potensiale når det gjeld kompetanse, personell og utstyr til evt. å ta endå fleire kommunar inn i hamnesamarbeidet, og med dette dra nytte av stordriftsfordelar. Ei utviding av talet på deltakarkommunar kan dermed både styrke kor god selskapet er til å konkurrere samanlikna med andre hamner (t.d. Risavika i Stavangerregionen), samt inspirere til generell næringsutvikling i regionen. Ei utviding av hamnesamarbeidet i regionen, utover dei kommunane som allereie har signert intensjonsavtalen, er i tråd med styremaktene sine oppmodingar og stimulansar til auka samarbeid innan hamneverksemda i Norge.

Selskapsvedtektene § 8 «*Omsetningsbegrensninger – nye aksjeeiere*» regulerer og gir instruksar om korleis endringar i eigarpostar skal skje, og det vert presisert særskilt at ei utviding av aksjekapitalen ikkje endrar reguleringa av høvet mellom aksjeklassene slik dette er regulert i vedtektene, jf. Også pkt. 5 - *Aksjekapital og aksjeklasser* ovanfor.

8 - Innløysing og oppløysing:

I § 9 i selskapsvedtektene vert det slått fast dei einskilde aksjeeigarane sin rett til å gå ut av selskapet, og korleis aksjeposten til ein eigarkommune som evt. vel å tre ut av selskapet skal handterast, jf. også siste avsnitt under pkt. 5 - *Aksjekapital og aksjeklasser*. Merk at den einskilde eigarkommune, ved ei eventuell oppløysing av selskapet, har rett til å kjøpe kaianlegg og annan fast infrastruktur som ligg i eigen kommune, men til marknadspris. Denne føresegna har parallellar til dagens vedtekter i BOH, nemleg § 15 *Oppløysning*.

9 - Avvikling av BOH:

Alle samarbeidskommunane i BOH har som nemnd i innleiinga gjort vedtak i sine kommunestyre om at BOH skal løysast opp under visse føresetnadar, jf. prinsippvedtaket, og at det ligg føre stiftingsdokument for eit nytt hamneselskap.

Ved avviklinga av BOH vil det nye hamneselskapet ta over dagens hamneverksemd gjennom å overdra verksemda. Kva gjeld eigendelar er det likevel ein vesentlig føresetnad i prinsippvedtaket om at *«Bergen kommune erklærer at det foreligger en avklaring som kommunen kan akseptere på forholdet mellom havnekapitalen og kommunens øvrige eiendeler»*. I intensjonsavtalens pkt. 9 vert det kort skildra kva som er eigendelane til BOH, dvs. likvide midlar, maskiner, kjøretøy samt installasjonar og anlegg, men ved å syne til vesentlege unntak, nærmare skildra i intensjonsavtalens pkt.10 *«Skillet mellom havnekapitalen og bykassen i Bergen»*.

Vidare er den løysinga som er forhandla fram om Mongstad kai, som ligg i Lindås kommune, nærmare gjort greie for. Mongstad kai vert skilt ut i eit eige aksjeselskap, Mongstad Kai AS (*«MK AS»*), og som skal eigast av Lindås kommune og det nye hamneselskapet med høvesvis 65 % og 35 % eigardel kvar. Mongstad kai ligg ved baseområdet for CCB og har i dag ingen tilsette frå BOH. Den daglege drifta av anlegget vert utført av Mongstadbase AS på bakgrunn av ein operatørvtale med BOH. Den framtidige drifta av MK AS skal takast vare på av det nye selskapet basert på ein driftsavtale til marknadsmessige vilkår, under føresetnad av at kaia ikkje driv i konkurranse med oppgåvene til det nye selskapet.

10 - Skiljet mellom hamnekapitalen og bykassa i Bergen:

I den føreliggjande modellen for etableringa av det nye hamnesamarbeidet er det framlegg om eit samla innskot i selskapet på MNOK 550. I tillegg tar Bergen kommune på seg ei framtidig innbetalingsplikt på MNOK 450 i ei eiga hamnekasse i rekneskapen til kommunen, og som reint forvaltningsmessig er underlagt bystyret. Denne framtidige innbetalingsplikta til ei eiga hamnekasse i Bergen kommune er knytt opp til eit framtidig opphøyr av hamneverksemda på Dokkeskjærskaien (Dokken).

Ved stiftinga av det nye selskapet vil dette bli tilført verdiar frå hamnekapitalen i Bergen kommune med MNOK 540. I tillegg kjem innbetaling av aksjekapitalen på MNOK 5 frå eigaren av B-aksjane og tilsvarande frå eigarane av A-aksjane, dvs. til saman MNOK 550. Ein monaleg del av denne hamnekapitalen vil bli tilordna det nye selskapet i form av hamnerelaterte driftsmidlar, kontantar og anleggsmidlar, som det kombinerte bygget for Hurtigruteterminalen og administrasjonsbygget til BOH samt Skoltegrunnskaien (Skolten).

Når det gjeld storleiken på innskotet av hamnekapital frå Bergen kommune er det også tatt omsyn til at BK tar over all langsiktig gjeld i noverande BOH med lånefondet i Bergen kommune som kreditor. Denne langsiktige gjelda vil rekne seg til om lag MNOK 370 på det tidspunktet BOH vert oppløyst. I tillegg til dei hamneeigedomane som inngår i eigenkapitalinnskotet i det nye selskapet, vil det bli inngått leigeavtalar for dei andre hamneareala og kaifrontane.

Finansieringsmodellen føreset at selskapet leigar tilbake alle kaifrontar og hamneareal som nyttast til hamneformål. Ei av utfordringane med dette er knytt til at det nye selskapet skal kunne disponere formålstenlege hamneareal til marknadspris, jf. Statsstøtteregulverket og subsidiereglane.

Selskapet skal vidare leige kaifrontar frå BK til ei meir symbolsk leige mot vedlikehaldsplikt. Typiske kaifrontar/kaiareal som kan vere aktuelle for eit slikt leigeforhold til symbolsk leige er t.d. områda rundt Vågen. Område som på eit framtidig tidspunkt ikkje lenger vert nytta til hamneformål, vil ikkje bli gjenstand for leigeforhold når desse vert frigjevne. Godshamna vil i

framtida bli flytta frå Dokken, og då vil også bruken av desse areala kunne bli gjenstand for bruksendring og slik utgå frå nemnde leigeavtalar.

Leieavtalane må utformast på ein slik måte at både innhald og krav kan reviderast ved gjevne intervall, eller dersom det oppstår ekstraordinære situasjonar som krev reforhandling.

11 – Tilsette:

I fleire ordførarmøte har det vore peikt på at det er viktig å ha stor merksemd knytt til å ta vare på dei tilsette på ein trygg og god måte ved restruktureringa av hamnesamarbeidet i BOH.

Ved ei omskipling av BOH til eit aksjeselskap vert tilsettingsforholdet til personalet endra. Frå å vere tilsett i BOH/Bergen kommune vert dei tilsette som vert overførte til det nystifta aksjeselskapet tilsett i eit nytt rettssubjekt.

Føresegnene i arbeidsmiljølova kap. 16 om å dra over verksemd vil vere gjeldande, og rettane som dei tilsette har i det nye aksjeselskapet vil m.a. bli ivaretatt gjennom føresegnene i aksjelova og arbeidsmiljølova. Løns- og arbeidsvilkår for dei aktuelle tilsette i BOH vil bli overført etter lov og gjeldande tariffavtale til det nye aksjeselskapet. Det vert lagt vidare til grunn at både noverande og ny arbeidsgivar så tidleg som mogeleg gir informasjon om, og drøftar overdraginga med arbeidstakarane sine tillitsvalde. Dei tilsette vil også bli sikra medverknad i det nye selskapet gjennom styrerepresentasjon.

12 – Godkjenningar:

Som nemnd i pkt. 2 i innleiinga, må intensjonsavtalen godkjennast i kommunestyra i samarbeidskommunane før den kan realiserast, og det vidare arbeid setjast i gang.

Det følgjer av vedtektene for BOH § 15 at eit vedtak om oppløysing må godkjennast *"av det forvaltningsorgan som etter kommuneloven skal godkjenne opprettelsen av et interkommunalt samarbeid"*. Etter gjeldande kommunelov er det imidlertid ikkje naudsynt at Kommunaldepartementet godkjenner oppløysing av eit § 27-samarbeid. Av den grunn har Kommunal- og moderniseringsdepartementet uttalt at det ikkje er naudsynt med slik godkjenning, med mindre ein av medlemskommunane bringer saka inn for dette departementet.

I prinsippvedtakets vedtakspunkt nr. 2 heiter det at: *«Bergen kommune anmodes om raskt å igangsette nødvendige avklaringer om havnekapitalen med statlige myndigheter.»*

Det følgjer av hamne- og farvatnlova § 48 andre ledd, andre punktum at *"departementet kan prøve lovligheten av ein kommunes vedtak eller annen disposisjon over havnekapitalen"*.

Ei avvikling av § 27-samarbeidet og overføring av hamnekapital til eit nytt rettssubjekt kan bli sett på ein *"disposisjon"*. Det er imidlertid kommunane sjølv som avgjer si eiga organisering av hamneverksemda. Oppløysinga av BOH vert planlagt som kjent følgd opp med etablering av eit nytt regionalt hamneselskap i form av eit AS, og med dei same kommunane som nå deltar i BOH. Det er både hensiktsmessig og naudsynt at Bergen kommune presenterer intensjonsavtalen og den endelige modellen for Samferdselsdepartementet etter at intensjonsavtalen er handsama i alle samarbeidskommunane og tiltrådd av BOH, og dette før ei oppløysing av BOH finn stad.

13 – Framdriftsplan:

I intensjonsavtalen er det inntatt ein tabell som viser dei mest sentrale elementa som må vere på plass før endeleg avvikling av BOH og det nye hamneselskapet kan stiftast, venteleg pr. 31.12.2016.

Arbeidsgruppa vil halde fram med arbeidet sitt i relasjon til dette og gjere ferdig stiftingsdokumenta for det nye hamneselskapet. I denne saka er det lagt det opp til at bystyret/kommunestyra delegerer

til byrådet/rådmannen/formannskapet å handtere alle relevante forhold knytt til avvikling av dagens BOH og etableringa av eit nytt hamnesamarbeid. Når det nye selskapet er blitt stifta, vil det vere naturleg at styret saman med den daglige leiinga, vert ansvarlege for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene tilknytta reetableringa av hamneverksemda i det nye selskapet.

14 – Underskrifter:

Det vart halde eit ordførarmøte 17.06.2016 der «*Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid*» vart signert av samtlege ordførarar. Det vert lagt til grunn at BOH v/hamnerådet tiltrer avtalen.

Selskapsvedtekter for det nye hamneselskapet.

I tillegg til intensjonsavtalen er det blitt utarbeidd forslag til vedtekter for det nye selskapet, jf. vedlegg. Desse vedtektene er kortare og enklare enn dagens vedtekter i BOH, sidan aksjelova har omfattandereglar som avklarar dei fleste forhold av verd, også forholdet mellom selskapsorgana. Formålsparagrafen i selskapsvedtektene er også inntatt i intensjonsavtalen i sin heilskap, jf. nærmare kommentarar i pkt. 4 – selskapets formål.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» («*Intensjonsavtalen*»), datert 17.06.2016.
2. Ordførar får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter samt andre retningslinjer som går fram av saka, som å fastsetje endeleg opningsbalanse, teikne aksjar, gjennomføre kapital- og tingsinnskots, halde konstituerande generalforsamling kor styre og revisor vert valde. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av verdjar, vert tatt vare på av styret og dagleg leiing i det nye selskapet.
3. Kommunestyre godkjenner at Byrådet i Bergen får fullmakt til å avvikle BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemda er etablert i samsvar med pkt. 2 i dette vedtaket.
4. Aksjekapitalinnskotet frå Meland kommune på NOK 100 000 vert finansiert ved å redusere disposisjonsfond tilsvarande.

Formannskapet - 79/2016

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» («*Intensjonsavtalen*»), datert 17.06.2016.
2. Ordfører får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter samt andre retningslinjer som går fram av saka, som å fastsetje endeleg opningsbalanse, teikne aksjar, gjennomføre kapital- og tingsinnskots, halde konstituerande generalforsamling kor styre og revisor vert valde. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av verdiar, vert tatt vare på av styret og dagleg leiing i det nye selskapet.
3. Kommunestyre godkjenner at Byrådet i Bergen får fullmakt til å avvikle BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemnda er etablert i samsvar med pkt. 2 i dette vedtaket.
4. Aksjekapitalinnskotet frå Meland kommune på NOK 100 000 vert finansiert ved å redusere disposisjonsfond tilsvarande.

Kommunestyret - 77/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» («*Intensjonsavtalen*»), datert 17.06.2016.
2. Ordfører får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter samt andre retningslinjer som går fram av saka, som å fastsetje endeleg opningsbalanse, teikne aksjar, gjennomføre kapital- og tingsinnskots, halde konstituerande generalforsamling kor styre og revisor vert valde. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av verdiar, vert tatt vare på av styret og dagleg leiing i det nye selskapet.
3. Kommunestyre godkjenner at Byrådet i Bergen får fullmakt til å avvikle BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemnda er etablert i samsvar med pkt. 2 i dette vedtaket.
4. Aksjekapitalinnskotet frå Meland kommune på NOK 100 000 vert finansiert ved å redusere disposisjonsfond tilsvarande.